



Sauherad kommune

PLAN- OG FORVALTNINGSENHETEN

Det kgl landbruksdepartement

Postboks 8013 Dep
0032 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr: 2003 102997	Beskr: 5
Mottatt: 21 NOV 2003 ASR/BS	
Saksbehandler: TIN	Arkiv: 486
Oppr:	Følg:

Melding om vedtak

Deres ref:

Vår ref:
03/00813-10

Saksbeh:
Halvor Fjone, 35 95 70 38

Arkivkode:
04

Dato:
20.11.03

Særutskrift: Svar ang. høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Vedlagt politisk behandling av høringa i møte 17.11.03 i *Utval for næring plan og teknikk*.

Når det gjeld administrative vurderingar av framlegga til forskrifter, har underteikna som skogbrukssjef synspunkt på skogmidlane som ikkje vart lagt fram i saksframlegget til politiske behandling. Det gjeld vilkåret om at maksimalt 50% av midlane kvart år kan nyttast til skogsvegar. Fordelinga av veganlegg som er aktuelle for tilskot på kommunenivå vil vere ujamt fordel på ulike år. Dei åra ein har store enkeltutbetalingar på vegtilskot vil ein få problem med 50%. Dette var eit mindre problem når Fylkesmannen hadde eit heilt fylke til utjamning.

Skal vi handtere utfordringa med å nytte tilskota fullt ut og samtidig unngå overtrekk av den kommunale tildelinga, blir dette eit praktisk problem. Vi ser for oss at kommunane kan vedta målsetningar om at over fleire år skal tilskotsprofilen til f. eks. skogsvegar vere så og så stor del av skogtilskota, men at ein unngår ei slik begrensning i forskrifta når det gjeld det enkelte år.



Svar ang. høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Utvalgssaksnr	Utvalg	Møtedato
081/03	Utvalg for næring, plan og teknikk	17.11.03

Rådmannens innstilling:

1. Utval for næring, plan og teknikk er generelt positiv til *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* slik dei ligg føre i høyringsbrev av 28.10.02 frå LD.
2. Når det gjeld forskrifta om skogbrukstiltak er utvalet skeptisk til kategorisk å utelukke skogplanting og taubanedrifter.
3. Når det gjeld tilskot til vegbygging i område som i dag er inngrepsfrie område, meiner utvalet at det bør opnast for tilskot til enkeltanlegg dersom kommunal områdeplan for vegutbygging har veganlegget i godkjent plan.

Behandling i Utvalg for næring, plan og teknikk - 17.11.03:

Pkt. 1 Einstemmig vedteke som rådmannen sitt framlegg.

Pkt. 2 Alternativt framlegg frå Kjetil Nyhus: Ordet "skeptisk" blir erstatta med ordet "negativ".

Ved avstemming mot rådmannens framlegg vart endringsframlegget vedteke med 5 mot 2 stemmer.

Framlegg frå Morten R. Arnesen: "Taubanedrifter" blir fjerna frå framlegg til vedtak. Ved avstemming mot det endra framlegget frå Kjetil Nyhus fekk framlegget 1 stemme.

Pkt. 3 vedteke mot 1 stemme

Vedtak i Utvalg for næring, plan og teknikk - 17.11.03:

1. Utval for næring, plan og teknikk er generelt positiv til *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* og *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket* slik dei ligg føre i høyringsbrev av 28.10.02 frå LD

2. Når det gjeld forskrifta om skogbrukstiltak er utvalet negativ til kategorisk å utelukke skogplanting og taubanedrifter.
3. Når det gjeld tilskot til vegbygging i område som i dag er inngrepsfrie område, meiner utvalet at det bør opnast for tilskot til enkeltanlegg dersom kommunal områdeplan for vegutbygging har veganlegget i godkjent plan.

Sammendrag

Bakgrunn

I behandlingen av St. meld. nr 1 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå*, har Stortinget vedteke at ei rekkje oppgåver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane. Overføringa gjeld vedtaksmynde i saker som krev lokalpolitisk skjønn. Alle konsesjonslovs- og delingssaker etter jordlova og saker etter skoglova (vernskoggrenser unnateke) skal etter dette avgjerdast på kommunalt nivå.

Høyeringa på omlegginga av desse juridiske verkemidla vart sendt frå LD til kommunane 12. juni med høyringsfrist 15. sept. Sauherad kommune hadde ingen merknader til framlegget og saka vart lagt fram som referatsak til det forrige hovudutvalet i møte 20.10.03.

Når det gjeld overføring av økonomiske verkemiddel til kommunane, er framlegget at miljømidlane under Landbrukets utviklingsfond (LUF) og skogmidlane under LUF skal overførast til kommunane. Argumentasjonen for denne omlegginga er at det skal styrke lokaldemokratiet og gje kommunane betre høve til å sjå landbrukspolitikken i samanheng med andre samfunnsoppgåver. Siktemålet er at dette samstundes skal medverke til berte målretting og effektivisering av statlege virkemiddelbruk.

Den praktiske konsekvensen av desse endringane blir at kommunane frå og med 01.01.04 får tildelt ei årleg disposisjonsramme frå Fylkesmannen som vil omfatte:

- miljøtiltak i landbruket
- nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- skogbruksplanlegging

Ramma til kommunane vil bli fastlagt ut frå fleirårige tilskotsstrategiar som kommunane må utarbeide. I Telemark vil tildelinga for dei ulike kommunane i 2004 i hovudsak bygge på historisk forbruk dei siste 4 åra som ei overgangsordning. Kommunane vil få stor fridom til å prioritere mellom dei ulike tiltaka, fastsetje tilskotssatsar og gje nærmare kriteriar og eventuelle vilkår.

Når det gjeld skogmidlane, er det ei avgrensinga i tildelingsbrevet til kommunen at tilskot til vegar bare kan vere maksimalt 50% av det tildelte beløpet til skogtiltak i den enkelte kommune. Vidare er det ikkje høve til å gje tilskot til skogplanting, såing, kjøp av utstyr og tilskot til tiltak som ved uttak av virke gjev overskot.

Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket erstattar forskriftene spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap (STILK), forskrift om investeringsstøtte til miljøtiltak (IMT) og forskrift om tilskot til miljøretta omlegging i kornområde (MOMLE). I tillegg omfattar den nye forskrifta om miljøtiltak i landbruket tiltaket "Områdetiltak" som tidlegare bare har vore styrt gjennom rundskriv.

Forskrifta om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar forskrift om søknad om behandling av søknader og utbetaling av statstilskot m.v. til skogsvegar og forskriftene om tilskot til praktikantar i skogbruket, førstegongstynning, drift i vanskeleg terreng, skogkultur, bygging av skogsvegar og miljøtiltak i skogbruket.

Endeleg forskrifter vil bli vedtekne og gjort gjeldande frå 1. jan. 2004.

Vurdering

Ved vurdering av dei praktiske verknadene av omlegginga bør vi sjå litt på dei konkrete beløpa som ein kan vente blir overførte til Sauherad. FMLA har gitt ei førebels oppstilling av venta ramme til Sauherad for 2004 basert på historiske tal. I følgjebrevet til framlegg til ramme ber FMLA om tilbakemelding frå kommunane innan 10. desember 03. Denne tilbakemeldinga må gjerast i samråd med næringsorganisasjonane.

Ein må merke seg at det blir konkurranse mellom kommunane om rammene som Telemark får kvart år. Dei kommunane som har dei mest ambisiøse planane og dei beste resultata vil stille sterkast ved tildeling av rammer. Dei kommunale planane som vert utarbeidd i samråd med næringsorganisasjonane i landbruket (landbruksplanen) vil få mykje større betydning enn før. Kommunen må også vedta forskrifter om vilkår for tildeling av tilskot for å få lik sakshandsaming for ulike søkjarar. I landbruksplanen må ein også ta med føringar som gjeld praktisering av dei juridiske virkemidlane som gjeld konsesjonssaker og delingssaker for at sakshandsamarane kan halde ein konsekvent linje ved ulike enkeltsaker.

Forslag til ramme for 2004 frå FMLA				
Kommune	Spesielle miljø-virkemiddel i jordbruket	Miljø- og næringstiltak i skogbruket	Skogbruks-planlegging med miljø-registering	Sum kommune
Sauherad	140.000	530.000	900.000	1.570.000
(Bø)	240.000	120.000		360.000
(Nome)	180.000	240.000		420.000
(Notodden)	240.000	770.000		1.010.000

Rammene for skogbruksplanlegging blir styrt av fylkesvis plan for dei ulike kommunane der arbeid er på gang. Arbeidet i Sauherad tok til i 2003 med godkjenning av takstopplegg for områdetaksering i kommunen.

Miljøvirkemidla i jordbruket omfattar desse ordningane:

- STILK - Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap med freda og verneverdige bygningar.
- MOMLE – Miljøretta omlegging i kornområde.
- IMT – Investeringsstøtte til miljøtiltak
- OMRÅDETILTALK – Prosess og utviklingsmidlar

Miljø- og næringstiltak i skogbruket omfattar desse ordningane:

- **Skogkultur** (ungskogpleie, kunstig kvisting, førstegongstynning m.v. men ikkje til skogplanting).
- **Skogsvegbygging** (nybygging og ombygging av skogsvegar, men ikkje til vegar som reduserar område som er ”villmarksprega”. Utbetaling kan ikkje overstige 50% av samla utbetaling til skogbrukstiltak).
- **Miljøtiltak i skog** (tilskot til å dekkje meirkostnader og reduserte inntekter knytta til å ta vare på miljøverdiar. Dette vil også kunne gå til ekstrakostnader knytt til punktet over når det gjeld manglande tilskot til bygging av vegar i inngrepsfrie område).

- **Andre nærings- og miljøtiltak** (Tilskot til mindre tiltak som ikkje blir omfatta av andre ordningar. Det vil ikkje bli høve til å utbetale tilskot til taubanedrifter frå og med 2004, men tilskot til drift med hest er tillate)

Omlegginga vil medføre langt større ansvar til kommunen både når det gjeld sakshandsaming og administrasjon enn tidlegare. Handsaminga av rekneskapen for tilskotsmidlane vil skje hos Fylkesmannen for 2004, men kommunane anviser utbetaling innan dei rammene dei har fått tildelt.

Som nemnt tidlegare må kommunane vere meir eksakte i politikken sin når det gjeld tilskot fordi søkjarar kan risikere avslag dersom rammen for enkelttiltak er mindre enn søknadene.

Alt i alt ser ein reforma som positiv for lokaldemokratiet og den rolla kommunane får i utforminga av den lokale landbrukspolitikken. Det er ikkje tale om ei auke av dei midlane som har vore til tilgjengeleg for landbruket i kommunane, men nye mogelegheitar til å omfordele tilskotmidlar til andre lokale "vinklingar".

Det står igjen å finne ei praktisk løysing for å handsame problemet med årlege svingningar i utbetalingar til ulike føremål. Når FMLA hadde hand om heile fylket vart desse svingingane i stor grad jamna ut mellom dei ulike kommunane.

Konklusjon

Hovudkonklusjonen er at Sauherad er positiv til reforma slik framlegg til forskrifter ligg føre, men ein er litt skeptisk til den kategoriske stoppen for tilskot til skogplanting og taubanedrifter som ligg i framlegget. Det same gjeld forbodet mot å gje tilskot til nybygging av vegar i inngrepsfrie område. Inngrepsfrie område er definert som område som ligg lenger enn 5 km frå eksisterande tekniske inngrep.

Denne tilstanden kan vere resultat av tilfældighetar når det gjeld vegutbygging, men det kan også ligge ei plan- og miljømessig vurdering bak den nåverande tilstanden. Sauherad ser det slik at tilskotspolitikken bør vere styrt av ein områdeplan for skogvegutbygging som kommunane er pålagt å utarbeide og ikkje av den "tilfældige vegutbygginga" med inngrepsfrie område som ein har i dag.

Peder Rekkedal
rådmann

Med helsing



Halvor Fjone
Enhetsleder/skogbrukssjef